Mange muligheter på førjuls-Oska.

05.12.2017

Det vert heilt sikkert god stemning når dyktige Håkon Røstbø og gjengen held konsert på Oska

Det er framleis gode muligheter for trivlege førjulstunder på restauranten Oska. Denne veka er det julekomler på torsdag og søndagsmiddag i tillegg til det som er av slutta lag. Neste helg vert avslutningshelga før jul, og den startar fredag med julebord kombinert med ein verkeleg godbit av ein konsert før ein kan kombinera julebordet med quiz om laurdagen.

Det er Håkon Røstbø med dei to dyktige døtrene Astrid og Ingrid som skal ha konsert fredag den 15.desember. Dette er eg sikker på vert ei kjempflott oppleving. Eg siterer berre meg sjølv og det eg skreiv etter å ha høyrt dei på Bøkkerkvelden på Rød i sommar:
«Dei starta med ein herleg versjon av Bob Dylan-låten 'To make you feel my love' med dei flotte stemmene til dei to jentene i førarsetet. Etter det gjekk dei over til sjølvlaga stoff. Vi fekk først to låtar som beviste at Astrid også er ein særdeles dyktig songwriter. Først fekk vi ein stemningsfull vakker popballade om mislukka kjærleik før dei gjekk over ein meir fartsfyllt og countryinspirert song der også kjærleik var tema.
Etter desse tre låtane overtok Håkon hovudvokalen. Då vart det funkie blues der vi m.a. fekk vakre vokalharmoniar ved vakker koring av dei to døtrene. Herleg!!
- Fantastisk! Dette er fantastisk, gjentok ein imponert Magne Huglen ved sida av meg medan dei fire dyktige musikarane fekk velfortent trampeklapp etter siste låt. Heldigvis drog dei fram eit ekstranummer. Også etter det ville publikum ha meir, og eg trur mange tenkjer som meg: Eg håpar eg får høyra dei snart att!». Eg gler meg til å høyra dei att på Oska.

Den påfølgjande laurdagen er det mogeleg å trimma hjernecellene etter at ein har nytt den gode maten. Då stiller nemleg Sammy med førjulsquiz. Begge desse dagane får ein servert pinnekjøtt frå Lundal, ribbe frå Brakstad, pølse fra Friheim Gardsmat, heimelaga rødkål, surkål, kålrot, mandelpotet, riskrem, karamellpudding, julekaker og kaffi. Sjølvsagt har eg testa julematen på Oska, og sjølvsagt er den heilt på topp. Betre ribbe trur eg aldri eg har smakt!!

Roy Lervåg fortel at det framleis er godt med plass desse to kveldane. For dei som ønskjer det vert det også mogeleg å kjøpa billett berre til konserten så langt det er plass. Han reknar med konsertstart mellom kl.22 og 22.30. Ein kan også vera med på berre quizen om det vert plass.

Det ligg an til trivelege kveldar siste opningshelga på Oska på Sandakaien før jul. Før vi kjem så langt, er det komle m/pinnekjøt og alt anna godt tilbehør førstkommande torsdag. Søndag serverer dei kjøttgryte med svinenakke i rømmesaus med grønsaker og potetpuré, som vanleg med dessert inkludert.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland